



Alf Kålås  
Fonnebostvegen 87  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/54 - 19/1357

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
16.01.2019

## Førebels svar med trong for tilleggsopplysning - gbnr 209/7 Høyland

Tiltak: Arealoverføring  
Byggjestad: Gbnr: 209/7  
Tiltakshavar:  
Ansvarleg søkjar: Alf Kålås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.01.2019.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon i frå kommuneplanen føresegn 5.5 vedkomande byggje- og deleforbod langs 50 meter sona av vassdrag. Søknad om dispensasjon er ei skriftleg søknad der det går fram kva ein søkjar dispensasjon i frå (kommuneplanens føresegn 5.5) og søknaden må også vere grunnngjeven.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **05.02.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.



Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alf Kålås

Fonnebostvegen 5955  
87

LINDÅS